

Adresseinformasjon blir fylt inn ved ekspedering. Sjå mottakarliste under.

Vår dato: 06.02.2020

Vår ref.: 200701245-34 kv/jaso

Arkiv: 312/072.2Z

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Jan Sørensen.

Høyring av søknad om fornya konsesjon for Kjosfoss kraftverk og reguleringar i Flåmsvassdraget i Aurland og Ulvik kommunar, Vestland fylke.

Bane NOR SF søkjer om fornya konsesjon for Kjosfoss kraftverk og vidareføring av reguleringane av Klevavatn, Seltuftvatn og Reinugavatn i Flåmsvassdraget. Det er ikkje planlagt nokon endringar i dei eksisterande reguleringane. Mogelege verknader av reguleringane og drift av kraftverket for miljø og samfunn er vurdert i søknaden. Søkjer opplyser om at det er gjort ei oppgradering av alle reguleringsdammane og det er installert nye tappeorgan på Klevavatn og Reinugavatn, slik at reguleringane kan fjernstyrast.

Søknaden skal handsamast etter reglane i vassdragsreguleringslova og vassressurslova. Den blir kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved.

Her finn du søknaden

Søknaden blir lagt ut på heimesida til NVE, under saka:

<https://www.nve.no/konsesjonssaker/konsesjonssak?id=8466&type=V-1>

Vi ber Aurland og Ulvik kommunar om å kunngjere saka på sine heimesider, og leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på KommuneTorget/Tenestetorget. Det eine eksemplaret kan om naudsynt lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Om du ønskjer papirutgåve av søknaden, ta kontakt med Bane NOR SF v/Jan Christian Andreassen på e-post: Jan.Christian.Andreassen@banenor.no eller tlf. tlf.: 95748601.

Høyringa

Føremålet med høyringa er å få inn synspunkt på planane som er presentert i søknaden. Alle kan uttale seg i saka.

NVE ønsker t.d. synspunkt på om planane bør gjennomførast og forslag til eventuelle endringar og/eller avbøtande tiltak. Sjå også vedlagt informasjonsark om kva som forventast av høyringsinstansane.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord

Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Fråsegner vil bli publisert på sakas nettside og heile eller delar av fråsegner vil bli referert i innstillinga frå NVE til Olje- og energidepartementet (OED). Om fråsegna er lang, ber vi om at det blir utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette.

Frist for å sende inn fråsegn er 15. mai 2020.

Slik sender du inn fråsegn

NVE føretrekker at du sender inn fråsegna elektronisk. For å gjere dette kan du gå inn på sakas nettside <https://www.nve.no/konsesjonssaker/konsesjonssak?id=8466&type=V-1> eller sende e-post til nve@nve.no. Du kan også sende fråsegn som brev til NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Med helsing

Carsten Stig Jensen
seksjonssjef

Jan Sørensen
sjefingeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Kopi: Olje og Energidepartementet
Bane NOR SF

Vedlegg: Kopi av kunngjering
Informasjonsark om sakshandsaminga.

Mottakarliste:

Aurland kommune
Ulvik kommune
Fylkesmannen i Vestland
Vestland fylkeskommune
Vestland vassregion
Statnett
Aurland Energiverk AS
Miljødirektoratet
Direktoratet for mineralforvaltning
Mattilsynet, Region Vest
Statens vegvesen, Region Vest
Kystverket Vest
Villreinnemda for Sogn og Fjordane
Aurland fjellstyre
Norges Jeger og Fiskeforbund, Sogn og Fjordane
Sogn og Fjordane Turlag
Forum for natur og friluftsliv, Sogn og Fjordane
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
Samarbeidsrådet for biologisk mangfold
Norges miljøvernforbund
Norske lakseelver
Norsk Friluftsliv
NHO Reiseliv, Region Vest-Norge
Norges Bondelag